

Skuleskyss

Endra retningsliner for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg i Vestre Slidre kommune

Jf. vedtak i Kommunestyret 13.02.20.

Alle grunnskuleelevar som har skuleveg inntil 4 km frå skulen, og der det ikkje er gang- eller sykkelveg, får fri skuleskyss mot søknad.

Vedtaket er gjeldande frå og med skuleåret 2020 - 2021.

Du finn meir informasjon og skjema på www.innlandstrafikk.no/skoleskyss/grunnskole

Søknadsfrist 25.02.22.

Send søknadsskjema til post@vestre-slidre.kommune.no

Spørsmål? Ta kontakt med Vestre Slidre skule.

Er du funksjonshemma eller mellombels skadd eller sjuk, har du òg rett til skyss til og frå skulefritidsordninga (SFO).

Lovverk

Opplæringslova § 7-1

Elevar i 2.-10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. klasse/førskulen er skyssgrensa to kilometer.

- Avstanden målast frå inngangsdøra der eleven bur, til skulens hovudinngang. Målepunkt samt vegar som målast avtalast med kommunen. Privat oppmåling blir ikkje godteke.
- Oppmålingane blir gjort av kommunen. Fylkeskommunen avgjer når det er tvil om oppmålinga.
- Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Kommunen tek avgjersler i saker om fri skuleskyss når skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg og avstanden mellom bopel og skule er under 2 og 4 km.

Opplæringsloven § 7-3

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

- Fylkeskommunen er ansvarleg for å organisere skuleskyssen innanfor heimstadskommunen.
- Det gis ikkje skyss til og frå skulefritidsordning eller frå leksehjelp.

Opplæringsloven § 13-4

Fylkeskommunen skal planlegge og organisere skuleskyssen i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen v/ Innlandstrafikk har det administrative ansvar for planlegging og gjennomføring av skuleskyssen.

- Elever som blir innvilga fri skuleskyss, og som benytter buss, får tildelt skysskort. Elevar som har skuleskyss med drosje har ikkje skysskort. Elever i 1. klasse får refleksbrikke som skyssbevis. Elevane skal alltid ha med skysskortet når dei skal kjøre buss. Skysskort blir delt ut på skulen.

Sjå elles under www.innlandstrafikk.no/skoleskyss/grunnskole

Spørsmål om rutetider for buss kan ein finne på www.innlandstrafikk.no eller ved å kontakte Kundesenteret til Innlandstrafikk på tlf. 02040.